



hallingnytt@hallingdolen.no

Redaksjonelt stoff til Hallingnytt:

E-post: hallingnytt@hallingdolen.no.

Tlf: 32 08 65 00 SMS/MMS: HDNYTT <din melding> til 2030.

Adr: Hallingdølen, Sundreveggen 79, 3570 Ål (mrk. hallingnytt).

BRIDGE

Nesbyen 7. Mars:

Barometer 6. kveld klubbmesterskap 8 par.
1. Sigurd Johan Vissebråten-Amund Storeli, 62,5p.
2. Nils Halvard Bråten-Svein Ness, 59,7p. 3. Ole Jørgen Hallingstad-Leon Grinde, 58,3p. 4. Bjørn Morten Halbjørhus-Olav Syversbråten, 56,9p.

HANS DOKKEN,
NESBYEN BRIDGEKLUBB

Bygdahall 7. mars:

6 par.
1. Bjarne Røv - Oddvar Wallaker, 57p. 2. Kjell Kløve - Harald Varlid, 56p. 3. Carl-Ludvig Thorsen - Kjell M. Mykeltvedt, 56p. 4. Bjørg I. Tormodsgard - Jan Nilsen 49p. 5. Elling Mørk - Nils Trondskog, 45p.

ODDVAR WALLAKER
GEILO OG ÅL BRIDGEKLUBB

ARRANGEMENT

Tårnagentar i Herad

kyrkje: Har du lyst å gå på symboljakt i kyrkje, utforska orgelet og vera med opp i kyrkjetårnet? Lurer du på kva slags mysterium du finn i Bibelen? Likar du agentmat? Dette er oppgaver for tårnagentane som samlast i Herad kyrkje laurdag. I år er det born i Gol fødd i 2008 (3. trinn) som er invitert til å vera tårnagentar. Sundag innbyr me alle til sprell levande Tårnagentgudeneste der agentane deltar, det blir dåp og det er kyrkjekaffi/soft. Prest er Jan Olav Skinnemoen. Velkomen!

GERD ELI BERGE,
TRUSOPPLÆRAR

Retting

Aksjekapitalen Hemsedal kommune eventuelt må inn med i Hemsedal Alpine Arrangementer AS er 6000 kroner. Summen på 200.000, som Hallingdølen omtala i ei sak 8. februar, vil vere tilskot til forprosjektet. Me beklagar feilen.

BURSDAGSBARN




Hipp hurra for Leonore Sætra Viken som fylte 4 år 7. mars. Vi er kjempeglade i deg. Hilsen Leander, mamma og pappa.




Lille gull, Thale Halvorsen Norstrøm, Nesbyen, fyller 1 år 9. mars. Masse klemmer fra mamma, pappa, Kevin, Thea, Trym og Roxy. Resten av familien gratulerer også.



Me vil gratulere fotballguten Henrik Gjerde, Hemsedal, som fyller 9 år i dag. Du er super. Mange klemmar frå Maiken, mamma og pappa.



Hipp hipp hurra for Patrick Eikrehagen Ekrene som fyller 6 år i dag torsdag 9. mars. Vi er superglad i deg. Hilsen mamma, pappa, Tore og Stian.



Marcus Ekrene Fluto fylte 7 år 8. mars. Gratulere så mye med dagen. Er kjempeglad i deg. Klemmer fra mamma og pappa. Vilde og Tonje hilses også.



Hurra for den fantastifulle, morosomme og energirike godguten vår Markus Randar som fyller 7 år i dag. Me er uendeleg glad i deg. Gode klemmar frå Martin, mamma og pappa.



Hipp hurra for den supergode jenta vår Anne Guro Ryen som fyller 7 år 10. mars. Mange lykkeønskninger og bursdagsklemmer fra Mari Olava, Ole Håkon, mamma og pappa. Bestemor sender også en godklem.

BURSDAGS-
HELINGAR

Bursdags helsingar skal ha fullt namn på den som blir gratulert, alder og bursdagsdato.

Sendast til:
hallingnytt@hallingdolen.no
eller pr. post til
Adr: Hallingdølen,
Sundreveggen 79,
3570 Ål



Stadig låg arbeidsløyse

170 personar var heilt utan arbeid i Hallingdal førre månad. Det er ein nedgang på 14 prosent samanlikna med same tid i fjor. I februar 2016 stod 194 personar heilt utan arbeid i Hallingdal. I år var talet redusert med 24, til 170. Nedgangen er på 14 prosent.

Slik ser arbeidsløysesetala ut, delt på kommunar (prosent av arbeidsstyrken i parentes):
Flå..... 9 (1,6)
Nes.....34 (1,9)

Gol 34 (1,3)
Hemsedal.... 24 (1,8)
Ål30 (1,2)
Hol39 (1,5)
Nore og Uvd ..16 (1,1)
Buskerud har ei arbeidsløyse på 2,8 prosent. 4032 personar står no utanfor arbeidslivet. Også det er færre enn februar året før. Det er Drammen og Nedre Eiker som har høgast arbeidsløyse med 3,5 og 3,4 prosent. Rollag har lågast arbeidsløyse med 0,8 prosent viser tal frå NAV publisert 3. mars.

Valde byggeskikknemnd

Teknisk utval i Nes er vorte samde om samansetninga av byggeskikknemnda. Etter at det vart fremja to forslag på leiar i nemnda i førre møte, har teknisk utval samrøystes samla seg om Kjell Larsen til leiar. Dei andre medlemmene er Leif Olav Klype, Mona Garborg og Alexander Ytteborg. Prisutdelinga skjer i kommunestyrets møte i desember.

Nansenkveld på Geilo

I 1884 studerte Fridtjof Nansen i Bergen.

Inspirert av ein notis i Norsk Idrætsblad som melde om at det skulle vera skirenn i Husebybakken i Oslo, pakka han sekken og fór over fjellet. Til Christiania over Hemsedal, attende til Bergen over Hol-Aurland-Voss. Turen har han omtalt i blant anna boka «Friluftsliv».

Torsdag 9. mars starta eit turfylgje frå Øvregaten 7 i Bergen, der Nansen hadde hybelen sin, for å følgje i Nansen sine skispor til Oslo. Sundag 12. mars skal dei vera på Gudbrandsgard, der også Nansen var innom og overnatta før turen går til Geilo måndag 13. mars.

På Geilo inviterer Hol historielag saman med Hardingekspedisjonen til ei samkome i låven på Geiljordet. Der vil deltakarane på ekspedisjonen formidle dei historiske linjene mellom hardingane og hallingane.

HOL HISTORIELAG,
KNUT MEDHUS

Foredrag om ekstremver og klima

Kven styrer vår og klima?

Det er temaet for Nesbyen Rotarys opne møte i Kulturhuset Banken fyrstkomande måndag. Foredragshaldar er Asgeir Sorteberg som er fødd og oppvaksen på Nesbyen.

Sorteberg er professor i meteorologi ved geofysiske institutt ved Universitetet i Bergen. Gjennom ei årrekke har han forska på effekten av klimaendringane. Han var medforfattar av FN klimapanelens spesialrapport på ekstremvår som kom i 2012, og på rapporten om klimaendringar i Norge som vart gjeven ut i 2015. For tida leier Sorteberg eit prosjekt på ekstremnedbør og flaum. Dette er eit samarbeidsprosjekt



Asgeir Sorteberg. (FOTO: ARKIVFOTO).

mellom Meteorologisk institutt, NVE, SINTEF, Jernbaneverket og Statens vegvesen.

2016 var det varmaste året ein har registrert på jorda sidan ein starta med vårregistreringar for 140 år sidan. Skuldast oppvarminga og klimaendringane menneskeleg aktivitet, spør Sorteberg.

Vidare vil han sjå nærare på korleis og i kva for tidsperspektiv ulike faktorar kan føre til klimaendringar. Og til sist – utsiktene framover dersom ein ikkje maktar å begrense utsleppa av fossile brensel. Det spesielle og særskilte Nesbyen-klimaet vil også bli belyst av foredragshaldaren.

Foredraget på Kulturhuset Banken er oppe for alle interesserte.

NESBYEN ROTARYKLUBB

Hallingdølen Privattelefonar

ANSVARLEG REDAKTØR	
Embrik Luksengard	915 51 435
REDAKSJONSSJEF	
Knut Olav Kvissel	908 66 202
VAKTSJEF	
Bjarne Tormodsgard	32 08 21 41 909 11 455
UTGÅVEANSVARLEG	
Olav J. Bøthun	917 06 232
FOTOANSVARLEG	
Sindre Thoresen Lønnes	959 15 085
DATAANSVARLEG	
Odd Ingvar Berge	907 41 559

JOURNALISTAR	
Arne Ole Lindahl	952 31 704
Magnus Lindahl	906 51 269
Bernt Ivar Bergum	908 21 657
Tor Folgerø	473 00 565
Line Sandvik	906 96 503
Mona Nestegard Stensvold	926 67 967
Caroline Utti	400 16 954
Tone Merete Tho	951 70 436
Ina Eirin Eliassen	980 62 946

ADM. DIREKTØR	
Ola Stave	909 41 994
MARKNADSSJEF	
Rolf Sveinhaug	32 08 34 93 909 69 606
KOMMERSIELL LEIAR	
Trond Sjemmedal	976 21 461
ANNONSEKONSULENTAR	
Kjell Olav Braathen	950 70 804
Bjørn Åke Økland	990 99 866
Kari Mette Ødegaard Meland	959 21 748
Mona Edvardsen Breie	992 64 860
DISTRIBUSJON	
Odd Steinar Skarsbø	915 51 431



er eit klageorgan oppnemnt av Norsk Presseforbund. Pfu behandlar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.

Adresse:
Rådhusgt. 17,
Postboks 46
Sentr. 0101 Oslo.

Tlf.: 22 40 50 40
Fax: 22 40 50 55
E-post: pfu@np-nr.no